

Innholdsliste

Helsing frå Rektor.....	3
Skulen og skulen sitt område	4
Adresse og telefonnummer.....	4
Internettadresse.....	4
Leiinga ved skulen:	4
Ekspedisjonen.....	4
Reinhald	4
Driftsleiar	4
Aktivitetsplikt.....	5
Informasjon til elev og foreldre om melding til Fylkesmannen.....	6
Informasjon til elevar	7
Undervisningstider 2020-2021	7
Elevmedverknad, Elevrettar – nokre viktige punkt.....	7
Rådgjevartenester og elevtenester	8
Pedagogisk/ Psykologisk Teneste (PPT)	8
Kontaktlærar	8
Skulehelsetenesta	8
Ressursteamet.....	8
Skulebiblioteket/gratis skulebøker	8
Kantine	9
Skulefrukost	9
Telefon til elevar	9
Oppslagstavler	9
Tjuveri	9
Røyking	9
Tilleggsregel til orden og åtferdsreglement	9
Branninstruks	10
Undervisninga	12
Terminar	12
Timeplanen.....	12
Skuleruta.....	12
Lærebøker.....	12
Elev-pc	12
Prøveplanar.....	12
Tilpassa opplæring	12
Registrering	13

Startsamtalesamtale	13
Utviklingsamtale / elevsamtalesamtale	13
Rusførebyggjande arbeid.....	13
Internasjonal dag og OD-dag/Solidaritetsdag	13
Andre aktivitetar.....	14
Om fråvær	14
Skolearena for føresette.....	17
Råd og utval.....	17
Skuleutvalet.....	17
Skulemiljøutvalet	17
Klasselærarråd.....	18
Elevrådet.....	18
Foreldremøte og konferansetimar	18
Statens lånekasse / stipendordningar	18
Inntak av elevar - søknadsfristar	19
Karakterar, prøvar og eksamenar	19
Karakterterminar og eksamen.	19
Karakterinhaldet:	19
Omval av utdanning	19
Dokumentasjon i vidaregåande skule.....	20
Typar av dokumentasjon	20
Vitnemål	20
Kompetansebevis	21
Fagprøve / sveinebrev	21
Klage på karakterar	21
Eksamensfag	22

Helsing frå Rektor

Velkommen som elev ved Osterøy vidaregåande skule!

Som rektor her ved skulen, er det ei stor glede å ønskja deg vel møtt til eit nytt skuleår. Vi har ein moderne skule med godt utstyr, og lyse og trivelege lokale. Eg er også stolt av å ønskja velkommen til ein skule som har svært gode resultat innafor trivsel, læringskultur, faglege utfordringar, samt elevdemokrati og medverking. Med gode og flittige elevar og dyktige tilsette, har eg minst like store forventingar til dette skuleåret.

Etter 10 år på grunnskulen har du no starta di vidaregåande utdanning, og uansett kven du er, kva bakgrunn du har, styrkar eller utfordringar, skal Osterøy vidaregåande gje deg den beste føresetnaden for å lykkast. For dykk som har vore elevar her ved skulen eit eller to år, blir det eit gledeleg gjensyn. De er no ”veteranar” på skulen, og eg er sikker på at de vil ta godt i mot dei nye elevane og er gode rollemodellar for dei.

Vi som jobbar her på skulen skal leggja forholda til rette for at du skal få eit godt år, der du kan trivast og læra i eit trygt skolemiljø. Om dette året skal bli eit godt år, avheng sjølvsagt også av din eigen innsats. Eg understrekar difor kor viktig det er å vera til stades, tidleg laga seg gode vanar, vera førebudd til undervisninga og jobba med faga. Dette skuleåret vil bli særleg prega av smittevern. Vi har utarbeidd ein grundig og god smittevernplan, som skal gi tryggleik for alle. Det kan også bli aktuelt med heimeskule, dersom nokon vert sjuke eller ein får smittespreiing. Dette har me gode rutinar for i eit tett samarbeid med dykk elevar.

For deg som elev vil kontaktlæraren din være ein viktig person. Allereie i starten av skuleåret vil du få ein startsamtale med kontaktlærar. Eg vil oppmoda deg til å bruka kontaktlærar aktivt, ved å ta opp dine ønske og behov.

Vi legg stor vekt på å skapa eit godt miljø på skulen. Difor vil vi ha ulike sosiale tiltak og aktivitetsdagar. I tett samarbeid med elevrådet og elevane, vil vi ha fokus på at det skal skje ting som skaper samhald og trivsel.

Den tida du går her vil me også hjelpe godt til med utdanning- og yrkesrettleiling, slik at du er best mogleg førebudd til livet etter vidaregåande skule.

Eg håper at du vil finna deg godt til rette på skulen og ønskjer deg lukke til med det nye skuleåret!

Beste helsing
Vidar Tufteland
Rektor

Skulen og skulen sitt område

Adresse og telefonnummer

Osterøy vidaregåande skule

Solbjørgsdalen 12

5282 Lonevåg

Telefon kontoret: 56 19 40 00

e-postadresse: post.ost@vlfk.no

Internettadresse

Alle dei vidaregåande skulane i Vestland fylke har eiga heimeside på Internett. Felles for alle skulane er Internettadressa

<http://www.vestlandfylke.no>

Du finn Osterøy vidaregåande skule si eiga heimeside på

<https://www.hordaland.no/nn-NO/skole/osteroyvgs/>

Her finn du nyttig informasjon om skulen

Skulen er også på Facebook. Her finn du aktuelle nyhende.

Leiinga ved skulen:

Rektor

Vidar Tufteland

Assisterande rektor

Hilde Saugerud Standnes

avd.leiar studiespesialiserande utdanning, og fellesfag på yrkesfag

Avdelingsleiar

Line Brudvik Myhr

avd.leiar teknologi og industrifag / elektro og dataknologi

Avdelingsleiar

Hilde Skjærstad

avd.leiar helse-og oppvekstfag / tilrettelagt opplæring

Ekspedisjonen

Ekspedisjonen ligg i 2.etasje. Dersom du har spørsmål, kan du kontakte spesialkonsulent Gro Elvik, som har arbeidsplass her og svarar på det meste. Ekspedisjonen er open kvar dag, men stengjer til lunsj mellom kl 11:50 – 12:20. Konsulent Janne Jæger Eriksen kan også hjelpe deg.

Reinhold

Skulen har fire reinhaldarar, Anne Marit Låstad, Rita Kalland, Else Margrethe Mjøs og Marianne Thomassen. Dei held skulen rein og triveleg for oss, men treng hjelp av kvar einskild av oss om skulen skal vera ein ryddig og triveleg arbeids- og læreplass. Reinholdarane er med og kårar ryddigaste klasserom kvar månad. Reinholdsleiar er Britt Harriet Åsheim.

Driftsleiar

Driftsleiar Linda Skjerpning yter vaktmeistertenester. Ho er på skulen kvar dag i tida 08:00 – 15:30

Retten til eit trygt og godt skulemiljø

Opplæringslova § 9a-2:

«Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring».


Opplæringslova § 9a-3:

Skulen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Aktivitetsplikt

Alle som arbeider på skulen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg. Alle som arbeider på skulen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal skulen snarast undersøkje saka.

Når ein elev opplever, eller vi ser at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, skal vi så langt det finst eigna tiltak, sørge for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Skulen skal sørge for at involverte partar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i skulen sitt arbeid. Skulen lagar ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak.



Informasjon til elev og foreldre om melding til Fylkesmannen



Osterøy vgs.
Vestland fylkeskommune

Informasjon til elev og foreldre om melding til Fylkesmannen og klage til Utdanningsdirektoratet § 9A-6

(*Fylkesmannen si handheving av aktivitetsplikt i enkeltsaker*)

Når kan du melde saken til Fylkesmannen?

Hvis du (eller foreldrene dine, om du er under 18 år) mener at skolen ikke har gjort det de skal for å sørge for at du har et trygt og god skolemiljø, kan du melde saken direkte til Fylkesmannen der du bor.

Forutsetningene er at:

- du må ha tatt opp saken med rektor på skolen
- det må ha gått minst en uke fra du tok opp saken med skolen
- mobbingen må foregå på den skolen eleven går på nå

Er det spesielle tilfeller, kan du uansett ta kontakt med Fylkesmannen. Ta også gjerne kontakt med Mobbeombodet i Vestland, om du vil diskutere saken <https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/hjelp-i-skulekveldagen/mobbeombodet/>

Hvordan melder du saken til Fylkesmannen?

Du må ta kontakt med Fylkesmannen i Vestland. Du finner informasjon på <https://www.fylkesmannen.no/nn/vestland/> Du velger selv om du vil ringe, sende e-post eller brev. Vi anbefaler deg å ta kontakt skriftlig.

Hva gjør Fylkesmannen?

Fylkesmannen passer på at skolen følger lover og regler om at elevene skal ha det bra. Hvis Fylkesmannen mener at skolen ikke har gjort det de skal, kan de bestemme hva fylkeskommunen skal gjøre i saken slik at eleven får det trygt og godt på skolen. De kan også vedta konkrete tiltak som skolen må gjennomføre. Fylkesmannen vil be fylkeskommunen og skolen om relevante dokumenter og informasjon i saken.

Hva som er best for elevene er det som er det viktigste når Fylkesmannen skal behandle saken.

Fylkesmannen vil sette en frist og sørger for at fylkeskommunen følger opp innen fristen. Hvis fylkeskommunen ikke følger opp saken, kan den få bøter. Fylkesmannen kan også gi deg råd om rettighetene dine.

Hva hvis Fylkesmannen mener at skolen har satt inn egnede tiltak?

Hvis Fylkesmannen mener at skolen har gjort det som man med rimelighet kan forvente og skolens planer for videre tiltak er gode nok, vil Fylkesmannen ikke gi deg medhold i saken.

Klage til Utdanningsdirektoratet

Er du uenig i Fylkesmannens enkeltvedtak, kan du klage til Utdanningsdirektoratet. Du må sende klagen til Fylkesmannen, som vil vurdere klagen på nytt. Deretter sender Fylkesmannen klagen til Utdanningsdirektoratet. Utdanningsdirektoratet vil gå gjennom saken, vurdere klagen og eventuelt bestemme hva som bør gjøres videre.

Informasjon til elevar

Undervisningstider 2020-2021

Måndag – fredag:

08:30 – 09:15	1. økt
09.25 – 10:10	2. økt
10:15 – 11:00	3. økt
11:05 – 11:50	4. økt
11:50 – 12:20	Lunsjpause
12:20 – 13:50	5. økt
14:00 – 15:30	6. økt

Elevmedverknad, Elevrettar – nokre viktige punkt

Elevane deltek i 3 ulike råd ved skulen:

- 1) Elevråd
- 2) Skulemiljøutval
- 3) Skuleutval.

Elevane i Vestland Fylkeskommune har ansvar for å (styringsdokument i VLFK):

1. Møte medelevar og tilsette med respekt og omtanke og bidra til å skape eit trygt psykososialt miljø med nulltoleranse for mobbing.
2. Bidra til å skape eit læringsmiljø der elevar og lærarar samarbeidar aktivt for å oppnå best mogleg læring for alle.
3. Reflektere over eigen læringsprosess og delta i vurdering av eige læringsarbeid.

Elevplikter, dette er noko av det du har ansvar for:

Å møte presis til opplæringa og delta aktivt i all opplæring og møte på alle prøvar. Elevane skal gje melding til skulen om dei er borte, så snart råd er. Elevane skal snarast ta kontakt med faglærar for å avtale nytt tidspunkt for prøvar, innleveringar eller framføringar når ein er vekke frå skulen, prøvar, innleveringar og framføringar.

Elevrettar, dette har du rett på:

- 1) God informasjon om fag, om eksamen og om læreplanar.
- 2) Varsel. Dersom det er fare for IV i fag, eller nedsett karakter i orden og åferd, skal elevane ha varsel. Når du får varsel, betyr det at du har tid til å forbetra deg. Får du ikkje varsel, kan du klaga, og du vil få medhald.
- 3) Alle klassar skal ha prøveplan kvart halvår. Der skal alle prøvane stå, og elevane skal få denne innan ein dato. Det skal ikkje endrast på denne utan at elevane godtek det. Nokre yrkesfagklassar avtalar underveis i halvåret med elevane.
- 4) Du skal ha halvårs- periodeplan i alle fag - dette er ein oversikt over når de jobbar me ulike kapittel/tema, når det er framføringar, prøvar osv.
- 5) Du skal alltid få ein forklaring når du får ein karakter på prøvar, innleveringar og liknande. Forklaringsa kan vera skriftleg eller munnleg. Du skal og få underveisvurdering.- det betyr at du får vita kva du kan og kva som skal til for å verta betre.
- 6) Karakterar på prøvar, innleveringar og liknande skal læraren føra i its learning og skulearena så snart råd er.

- 7) Alle elevar på vg1 har lovfesta rett på 3 samtalar med lærar. Dette er ein startsamtales og to utviklingssamtalar (ein om hausten og ein om våren)
- Alle elevar på vg2 og vg3 har rett på 2 utviklingssamtalar, ein om hausten og ein om våren.
- 8) Minimumsplanar er planar for kva du minst må klara for å stå i eit fag. Dersom nokon slit i eit fag, har dei rett på ein oversikt over kva dei må kunne for å stå i faget. Dette er ein minimumsplan. De har òg rett på tilrettelagte prøvar, det vil seie oppgåver som er slik at om du klarar dei vil du stå.
- 9) Alle med dokumenterte lese-og skrivevanskjar har rett på:
 - a) utvida tid på prøvar
 - b) opplesing av oppgåve
 - c) bruk PC når andre skriv på papir (eks.naturfag, norsk osv.)
 - d) munnlege prøvar
 - e) retteprogram
- 10) Dokumentasjon på rettar skal leverast til kontaktlærar.

Rådgjevartenester og elevtenester

Skulen har ein rådgjevar, Nina Rødseth. Rådgjevar har som oppgåve å rettleia elevane om val av utdanningsprogram, fag og yrke. Ho skal ta seg av elevane sine lese- og studieproblem, gje råd og hjelp i spørsmål av meir privat og personleg karakter, samt samarbeid med elevane sine føresette o.l. Rådgjevar har teieplikt når det gjeld opplysningar om elevane, tilhøve i heimen eller spørsmål av privat karakter.

Pedagogisk/ Psykologisk Teneste (PPT)

Oppfølgjingstenesta (OT) er på skulen kvar onsdag og PPT er på skulen kvar torsdag. Skulepsykolog har vi kvar tysdag.

Kontaktlærar

Kontaktlærar skal koordinere informasjon til/frå elevane, fellesprosjekt, prøveplanar, m.m i sin klasse. Kontaktlærar har og startsamtales med kvar elev på Vg1 i løpet av dei første to vekene. Alle elevane har to Utviklingssamtalar i løpet av skuleåret

Skulehelsetenesta

Helsesjukepleiar, Beate Kleppe, har fast kontordag, onsdag, på skulen. Treffetid vert kunngjort ved oppslag. Du kan bestilla time hjå helsesøster eller lege på tlf. 56192370 eller ved å kontakte Gro Elvik i ekspedisjonen.

Ressursteamet

Ressursteamet tar opp elevsaker om særskilt tilrettelegging av undervisning og eksamen, kartlegging av behov for støtte, individuelle opplæringsplanar (IOP), o.l. og har møter kvar månad.

Skulebiblioteket/gratis skulebøker

Skulen har eige bibliotek med studieplassar og lesekrok. Alle elevane får lærebøker gjennom ei utlånsordning frå skulebiblioteket. Elevane lyt ha eigne lånekort for å ta del i ordninga. Reidun Elise Foldøy er bibliotekansvarleg ved skulen.

Biblioteket er bemanna nokre dagar for veka. Sjå oppslag.

Kantine

Skulen har eiga kantine, og kantinestyrar er Ann Helen Gjøvåg. Kantine er open mandag-fredag 09:00 – 12:30. Vi tilbyr gratis skulefrukost 2 dagar pr. veke. Når du kjøper mat i kantina må du betala med kort.

Skulefrukost

Skulen har enn så lenge ikkje skulefrukost grunna smittevern.

Telefon til elevar

Skulen sitt kontor kan berre ta imot særskilt viktige meldingar til elevane.

Oppslagstavler

Skulen har tre elektroniske oppslagstavler; ei i kantina i 1. etasje, ei ved bokskapa i 2. etasje og ei i øvste etasje. Vi har òg to tradisjonelle oppslagstavler: Den store tavla ved inngang «varelevering» vert nytta for meldingar til elevane. På den andre tavla, ved kantina, vil det bli sett av eigen plass for info frå elevrådet.

Alle oppslag skal vera godkjende og stempla av Gro på kontoret.

Tjuveri

På ein skule med mange elevar førekjem det stundom tjuveri. I skuletida må ein difor unngå å leggje att verdisaker i klasserommet eller i garderoben i idrettshallen. Skulen er ikkje ansvarleg for verdisaker som elevane har med seg på skulen. La ikkje verdisaker liggja att i klasserommet i friminutta. I idrettshallen finn faglærar ein praktisk oppbevaringsmåte for verdisakene.

Røyking

Røyking og bruk av snus og rusmiddel er forbode på skulen sitt område og ved all aktivitet i skulen sin regi. Viser til Fylket sitt ordens-og åtferdsreglement. Brot på dette kan medføre nedsett karakter i orden og åtferd.

Tilleggsregel til orden og åtferdsreglement

Reglar for kontakt mellom elevar ved Osterøy vidaregåande skule og Osterøy ungdomsskule.

1. Det er ein hovudregel at elevane skal ha tilhald på sin eigen skule i skuletida. Brot på denne hovudregelen kan medføra refsingstiltak.

Branninstruks

- Brann vert varsla med korte ringestøyt.
- Ved brannalarm må alle vindauge latast att av elevane som sit ved vindauga.
- Utmarsj må skje raskt, men alle må gå roleg ut til oppsamlingsplass.
- Lærar skal vera siste person som går frå klasserommet og let att døra.
- Rømmingsplan er slått opp på kvart klasserom.

Det blir skipa til brannøvingar kvart skuleår.

PERSONALET 2020-2021

<u>Lærarar</u>	<u>Tilleggsfunksjon</u>	<u>Undervisningsfag</u>
Alvestad, Renate Westervik	Kontaktlærar 1HO	Helse- og oppvekstfag
Bauge, Silje		Matematikk
Birkeland, Mariann	kontaktlærar 3ST	Norsk og samfunnsfag
Bjørndal, Linn		Engelsk og religion
Blichfeldt, Silje Strand		Kjemi, norsk og programfag HO
Eriksen, John Malvin		Kroppsøving, norsk og breiddeidrett
Fjellby, Arne Henning	Kontaktlærar 1TIA	Teknologi og industrifag
Foldøy, Reidun Elise		Norsk og bibliotekarbeid
Fotland, Gunnstein	Kontaktlærar 1 ED til 01.11.2020	Elektro og dataeknologi
Gjerstad, Johannes		Matematikk, fysikk
Heggheim, Christa Fischer		Tysk, sosialkunnskap, sosiologi
Heggset, Erlend		Engelsk, historie og geografi
Henriksen, Bjørn Tore		Teknologi og industrifag
Johannessen, Hege Støyva		Spansk og engelsk
Kalberg, Elisabeth Tømt	Kontaktlærar 1HTAB	Kroppsøving, tilrettelagt oppl., breiddeidrett
Kåstad, Martin	Kontaktlærar 1 ED Frå 02.11.2020	Elektro og dataeknologi
Lavik, Linn Vågenes		Tilrettelagt opplæring
Lid, Synnøve	Kontaktlærar 2ST	Historie, norsk, religion
Lillejord, Randi Søfteland	Kontaktlærar 1HTHA	Tilrettelagt opplæring og programfag HO
Melbøe, Johannes		Tysk
Mjelde, Karoline	Kontaktlærar 2HEA	Programfag

Myhr, Line Brudvik	Avd.leiar TI / EL	
Nilssen, Ole Asbjørn		Matematikk
Njøtøy, Malin Juvik		Kroppsøving
Njåstad, Torgeir		Teknologi og industrifag
Revheim, Eivinn	kontaktlærar 1TIB fagansvarleg TI/IND	Teknologi og industrifag
Rødseth, Nina	Rådgjevar	
Skaftun, Arild		økonomistyring, samfunnsfag, økonomi og leiing
Skjærstad, Hilde	Avd.leiar HO/Tilrettelagt opplæring	
Standnes, Hilde Saugerud	Ass. rektor / avd.leiar	
Thunestvedt, Nils Gunnar	kontaktlærar 2EL	Elenergi
Tufteland, Vidar	Rektor	
Utkilen, Frode	Kontaktlærar 2IND	Teknologi og industrifag
Vignes, Åsne Vangen	kontaktlærar 1ST	naturfag
Vrålstad, Marie	Kontaktlærar 1HTAA	Tilrettelagt opplæring
	Kontaktlærar 1ED	Programfag

<u>Andre tilsett</u>	<u>Stilling</u>
Elvik, Gro	spesialkonsulent
Eriksen, Janne Jæger	konsulent
Gjøvåg, Ann Helen	kantinestyrar
Kalland, Rita	reinhaldar
Låstad, Anne Marit	reinhaldar
Mjøs, Else M.	reinhaldar
Myhre, Cathrine	miljøarbeidar
Pape, Frank	IKT konsulent
Skjerping, Linda	driftsleiar
Solberg, Eldbjørg	miljøarbeidar
Stensland, Svein	Miljøarbeidar, kro.øv., toppidrett
Thomassen, Marianne	reinhaldar
Vik, Eli Simmenes	miljøarbeidar
Åsheim, Britt Harriet	reinhaldsleiar

Undervisninga

Terminar

Skuleåret er delt inn i 2 karakterterminar:

1. termin frå skulestart til fredag 15. januar 2021
2. termin frå 18. januar til 20. juni 2021

Du vil få terminkarakter i 1. termin. Ved avslutting av skuleåret vil du få standpunktcharakter i fag som er avslutta, eller 2. termin karakter i fag som ikkje er avslutta.

Timeplanen

Skuledagen begynner kl. 08:30 alle dagar (08:35 dei dagane det er frukost)
Matpausen er mellom kl. 11:50 og 12:20

Skuleruta

Skuleruta finn du på siste sida i dette heftet.

Lærebøker

Alle elevane får låna lærebøker på skulen. Desse vert utdelt i løpet av første skuleveka.

Elev-pc

Viser til informasjon på web-sida <https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/elev/elevpc/> Fylkeskommunen subsidierer pc til elevane.

Prøveplanar

Skulen har eit fag på It's learning som heiter OST-prøveplanar. Der finn du oversikt over alle prøvar og store innleveringar i dei ymse faga.

Tilpassa opplæring

Tilpassa opplæring gjeld for alle elevar. Tilpassa opplæring er eit virkemiddel for at alle skal oppleve auka læringsutbytte. Det er ingen individuell rett, men skal skje gjennom variasjon og tilpassingar til mangfaldet i elevgruppa innafor fellesskapet.

Nokre elevar vil ha behov for spesialundervisning. Dette er elevar som ikkje har tilstrekkeleg utbytte av den vanlege opplæringa. Spesialundervisning kan for eksempel vere at eleven jobbar etter andre læringsmål enn andre elevar, at ein lærar eller assistent særskilt følgjer opp eleven i klassen eller at eleven får særskilt tilpassa utstyr. Spesialundervisninga skal vere tilpassa elevens behov, slik at ein får eit

tilstrekkeleg utbytte av undervisninga. Ressursteamet på skulen drøftar slike søknader, PPT skriv sakyndig vurdering og endeleg avgjer ligg hjå rektor.

Skulen tilbyr retteprogrammet IntoWords for elevar med lese- og skrivevanskar.

Registrering

Alle elevar vert registrerte i skulen sitt databaserte administrasjonssystem. Vi registrerer personopplysningar og karakterar. Skulen har konsesjon frå Datatilsynet for registrering av elevopplysningar. Ved skulestart må du levera inn to portrettfoto av deg sjølv til kontaktlærar.

Startsamtale

Ein samtale mellom elevar på Vg1 og kontaktlærar i starten av skuleåret skal gjea kontaktlærar og elev kjent med einannan. Kvar elev skal sikrast eit best mogleg læringsmiljø, og kontaktlæraren skal, i samarbeid med eleven og dei andre faglærarane, arbeida for at kvar enkelt når kortsigtige og langsiktige mål.

Utviklingsamtale /elevsamtale

Som elev har du krav på jamnlege samtalar med kontaktlæraren din, slik at du får løpende vurdering og rettleiing av læringsarbeidet ditt.

Viktig mål for slik samtale: "*Gjennom forståing og kjennskap til kvar elev kan lærarane bidra til vekst og utvikling og motverka og redusera uheldige læringerfaringar*". I løpet av Start-/Utviklingssamtalen eller andre samtalar med kontaktlæraren din, kan du ta opp tema som gjeld læring, evt. lærevanskar, tilpassa undervisning, og andre tilhøve.

Rusførebyggjande arbeid

Skulen arbeider med rusførebyggjande arbeid, og i undervisninga i fleire fag vert dagsaktuelle problemstillingar knytt til rus tatt opp. Utsetjing av alkoholdebut og røykekutt er klare målsetjingar. Helsesjukepleiar kan m.a. tilby hjelp om ein ønskjer å slutta å røykja. Ved rusproblem kan elevar ta kontakt med kontaktlærar, helsesjukepleiar eller rådgjevar.

Internasjonal dag og OD-dag/Solidaritetsdag

Osterøy vidaregåande skule har vald å støtte *Tore Eikelands legat*, og prosjekta legatet driv i Ghana og SørAfrika. Les om Tore Eikelands legat på <http://www.toreeikelandslegat.no/> Skulen har kvar haust internasjonal dag med fokus på humanitært arbeid og solidaritet med ungdom i andre delar av verda. Dagen vert brukt til ulike aktivitetar med internasjonalt tilsnitt, gjerne relatert til prosjektet i Ghana. På sjølve OD/solidaritetsdagen vert elevane oppmoda til å finna seg arbeid, og gje det dei tener til Tore Eikelands legat.

Andre aktivitetar

Osterøy vidaregåande skule får i løpet av skuleåret tilbod om skulekonsertar, skuleteater, klassefotografering, ekskursjonar etc. Nokre tilbod kan vi ta i mot, andre vil det ikkje vera tid å delta på. Kvart år arrangerer skulen aktivitetsdagar, som kan vera skidag, fjelltur eller aktivitet i idrettshallen.

Om fråvær

MØTEPLIKT

- Har du valt å ta ein plass på vidaregåande, må du møte opp. Du har møteplikt på skulen kvar dag og kvar time i alle fag.
- Du skal delta aktivt i opplæringa og bidra til å utvikle eit godt læringsmiljø i klassen din. Dette er viktige føresetnader for trivsel og læring og for at du skal få vurderingsgrunnlag i faga.
- Vi er opptatt av at du skal lukkast med læringsprosjektet ditt, og fullføre opplæringa på best mogeleg måte.
- Dette er også formålet med innføring av ei fråværsgrense.

FRÅVÆR

- Det er innført nye reglar for fråvær og for vurdering med karakter.
- Elevar med meir enn 10 % udokumentert fråvær i eit fag, får ikkje karakter.
- Dersom årsaka til fråværet tilseier at det er urimeleg at du ikkje skal få karakter, kan rektor avgjere at du likevel kan få karakter inntil 15 % udokumentert fråvær.
- Fråværsgrensa gjeld i enkelfag, og ikkje det totale fråværet.

Timar som ikkje skal rekna som fråvær, og som ikkje skal teljast med i fråværsprosenten:

(fråvær skal ikkje førast)

- Rådgjeving på skulen.
- Møte med OT/PPT.
- Sjølvstendig studiearbeid som er avtalt med ein faglærer i forkant og godkjent av rektor.
- Elevrådsarbeid og liknande som er godkjent av skulen.
- Avtalte møte med rektor eller andre tilsette ved skulen.
- Møte med elevtenesta

Fråver som ikkje skal rekna med i fråversprosenten:

- Fråværsgrensa gjeld ikkje dokumentert fråvær som har sin årsak i:
- helse og velferdsgrunnar
- arbeid som tillitsvald
- politisk arbeid
- hjelpearbeid
- lovpålagde oppmøte (til dømes sesjon, innkalling som vitne i rettssak)
- representasjon i arrangement på nasjonalt eller internasjonalt nivå, til dømes innan idrett eller kulturarrangement
- to dagar for å feire religiøse høgtider utanom Den norske kyrkja (til dømes *Id*)
- forhold som tydeleg ligg utanfor eleven sin kontroll
- dokumenterte timar hjå lege, tannlege, psykolog, BUP og skulehelsetenesta.

Kva type dokumentasjon blir godkjend?

- Det er ikkje krav om å dokumentere fråvær før grensa på 10 % er overskriden, men vi anbefaler at du skaffar dokumentasjon på fråvær så tidleg som mogeleg.
- Fråvær som har samanheng med helse: dokumentasjon må vere skriven ut av lege, psykolog, tannlege, fysioterapeut eller helsesjukepleiar.
- Kroniske lidingar: kombinasjon av legeerklæring og eigenmelding.
- Politiske organisasjonar.
- Velferdsgrunnar, som til dømes gravferd: eigenmelding frå foreldre eller myndig elev sjølv.

VARSLING

- Når fråværsgrensa på 10 % nærmar seg, skal du få eit skriftleg varsel om at det er fare for at du ikkje vil få karakter i faget.
- Er du under 18 år, vil det bli sendt kopi av varselet til foreldra dine.

Forseintkomming og timefråvær:

- Dersom eleven møter inntil 15 minutt for seint til undervisningstimen, skal det rekna som forseintkomming (forseintkomming kan få konsekvensar for karakteren i Orden).
- Dersom eleven møter 15 minutt eller seinare til undervisningstimen, skal det rekna som fråvær frå undervisningstimen.

Ferietur – trafikkopplæring:

- Ferieturar blir rekna som fråvær.
- Køyretimar i trafikkopplæringa vert rekna som fråvær.

- Ved obligatoriske kurs, som oppkøyring, glattkøyring, langkøyring og så vidare, kan det avtalast sjølvstendig studiearbeid med faglærar eller ein får godkjent fråvær etter gjeldande regelverk.

Nokre rutinar som du må fylgje:

- Du må melde frå til kontaktlæraren din om morgonen, dersom du ikkje kan møte på skulen. Då sender du ei sms-melding til kontaktlærar.
- Du må melde frå til kontaktlærar/faglærar, dersom du må gå frå undervisninga i løpet av dagen.
- Du må levere dokumentasjon på fråvær til kontaktlærar så snart du er tilbake på skulen, etter eitt fråvær. Du må levara dokumentasjon seinast innan 3 dagar.
- Du bør kontrollere fråværsføring og føring av dokumentasjon og årsak til fråvær på SkoleArena jamleg.

Døme

- I 2-timarsfag har du passert fråværsgrensa i første termin, når du har vore vekke to gonger. Dette gjeld til dømes i kroppsøving (fire gonger for heile skuleåret).
- I yrkesfag er det fleire 2-timarsfag: norsk, engelsk og kroppsøving (Vg2) og naturfag og kroppsøving (Vg1)

Kva kan skje med ein elev som har overskride fråværsgrensa i eit fag?

- Eleven har likevel rett til å delta i opplæringa på lik linje med dei andre elevane.
- Rektor kan fatte vedtak om at eleven vert deltidselev. Eleven kan då gå opp til privatisteksamen i det faget der han/ho har overskride fråværsgrensa.
- Manglande karakter i eitt eller fleire fag, kan få konsekvensar for inntak til Vg2 eller Vg3.
- Dersom årsaka til fråværet gjer det klart urimeleg at fråværsgrensa på 10 % skal gjelde, kan ein elev som har inntil 15 % udokumentert fråvær i eit fag, også få vurdering med karakter. Avgjerdet ligg hos rektor.

Skolearena for føresette

Føresette kan få oversikt over sine barns fråvær og nærvere, timeplan, merknader og varslar. Modulen gir også mogelegheit til å kunne legge inn fråværsmeldingar.

Gå til nettsida: www.skolearena.no/iea

Vel «Ny foresattbruker»

Legg inn eigne opplysingar om føresett

I neste felt oppgir du personnummeret til barnet det søkes innsyn om.

Systemet vil no sende ei stadfesting til den e-post adressa du registrerte.

Kontaktlæraren får ei melding om at det føreligg ein søknad, og godkjenner søknaden om tilgang.

Systemet sender eit midlertidig passord til den e-post adressa du oppgav då du registrerte deg.

Du bør ved første pålogging endre passordet. Logg inn og opne menyvalet «Min profil». På underfana «Brukerkonto» kan du endre passordet.

Råd og utval

Osterøy vidaregåande skule er ein fylkeskommunal skule. Øvste administrative leiar er Fylkesdirektør Opplæring og kompetanse, som har kontor i Sandslihaugen 30 (midtliggjende Fylkesbygg) i Bergen. Fylkesdirektør Opplæring og kompetanse er underlagd Opplærings- og Helseutvalet, som er eit politisk utval. Utvalet er sett saman av representantar for dei politiske partia i Fylkestinget.

Skuleutvalet

Dette er rådgjevande organ for rektor med følgjande samansetjing:

Rektor

Assisterande rektor

1 representant for lærarane

1 representant for andre tilsette

2 elevrepresentantar

Rektor og assisterande rektor er representantar for arbeidsgjevar.

Skolemiljøutvalet

Alle vidaregåande skular skal ha eit skalemiljøutval, og her er elevane, dei tilsette og leiinga ved skulen representerte. Elevane skal vera i fleirtal i skalemiljøutvalet.

Skolemiljøet tek aktivt del i utforminga av eit godt skolemiljø, og har rett til å uttala seg i alle saker som gjeld skolemiljøet.

Klasselærarråd

Klasselærarrådet er samansett av alle lærarane som underviser i same klassen.

Teamet drøftar situasjonen i klassen, samordnar prøveplanar og set i verk tiltak for elev eller grupper av elevar som har vanskar av fagleg eller personleg karakter.

Karakter i orden og åtferd vert drøfta i klasselærarråd.

Elevrådet

Elevrådet er elevane sitt viktigaste formelle talerøy i saker som gjeld elevane sine arbeidstilhøve og velferdsinteresser. Kvar klasse vel tillitselev som skal representera klassen sine interesser i elevrådet. Dei praktiske sidene ved val av tillitselev/ varatillitselev vert ordna klassevis i samarbeid med kontaktlærar. Rektor og ein avdelingsleiarer er bindeledd mellom leiinga og elevrådet og deltar på møta i elevrådet. **Elevrådet for 2020/2021 vert konstituert 2. september på Fjordslottet.**

Foreldremøte og konferansetimar

Skulen inviterer til foreldremøte for alle Vg1 og Vg2-elevane i september. Dette skuleåret er foreldremøtet lagt til kveldstid **onsdag 16. september 2020**. Det vert invitert til konferansetimar i løpet av november. Dette skuleåret er konferansetimane lagt til **Onsdag 11. November 2020 fra kl. 14.00**

Statens lånekasse / stipendordningar

Alle elevar med ungdomsrett får utstyrssstipend frå Lånekassen. Du får stipendet same kor mykje foreldra dine tener. Hugs at du må søkje for å få stipendet. Når du søker, sjekkar Lånekassen automatisk om du har rett til andre stipend. Lærlingar får ikkje utstyrssstipend, men kan ha rett til andre stipend.

Søk om stipend frå www.lanekassen.no når du har fått plass ved vidaregåande utdanning.

Ved stort fråver blir stipend omgjort til lån, evt stoppa.

Les meir om stipend og lån i Lånekassen på www.lanekassen.no, og sjekk vår Facebookside for deg i vidaregåande skule www.facebook.com/lanekassen.vgs

Rådgjevar eller spesialkonsulent kan gje rettleiing / orientering dersom du treng hjelp.

Inntak av elevar - søknadsfristar

Skulen er med i fellesinntaket i Vestland fylke. Du vil då få tilsendt felles skulekatalog, søknadsskjema og opplysningar om inntaksprosedyren.

Søknadsfrist er **1. mars** for ordinært inntak.

Søknadsfrist er **1. februar** for inntak på særskilt grunnlag.

Rådgjevar og avdelingsleiar ved skulen vil vera hjelsam med råd og utfylling av søknadsskjema.

Karakterar, prøvar og eksamenar

Karakterterminar og eksamen.

Det er to karakterterminar:

1. termin: frå skulestart til fredag 15.januar 2021
2. termin: frå 18.januar til 20.juni 2021

Avsluttande eksamen blir halden i mai/juni. I enkelte fag kan elevane bli trekte ut til eksamen. I juni vert det gjeve standpunktcharakter i fag som er avslutta. I andre fag får elevane 2. termin karakter.

Karakterinnhaldet:

Som elev i vidaregåande skule, vil du få dine karakterar etter ein karakterskala frå 1-6.

Dei enkelte karaktergradane har dette innhaldet:

- a) Karakteren 1 uttrykkjer at eleven har svært låg kompetanse i faget.
- b) Karakteren 2 uttrykkjer at eleven har låg kompetanse i faget.
- c) Karakteren 3 uttrykkjer at eleven har nokså god kompetanse i faget.
- d) Karakteren 4 uttrykkjer at eleven har god kompetanse i faget.
- e) Karakteren 5 uttrykkjer at eleven har mykje god kompetanse i faget.
- f) Karakteren 6 uttrykkjer at eleven har framifrå kompetanse i faget.

Omval av utdanning

Dersom du har tatt omval av utdanning (f. eks. starta på eit nytt Vg1-kurs), må du meldu frå til kontaktlærar eller i ekspedisjonen. Du kan då velje å ta same faga på nytt, eller søkje om fritak i faget og behalda den karakteren du har frå før.

Etter søknad kan nokre elevar, av bestemte grunnar, få vedtak om fritak frå vurdering med karakter i skriftleg sidemål.

Fråvær, orden og karaktersetjing

For alle elevar skal det gjevast ein karakter i orden og ein i åtferd.

Karakterane skal gje uttrykk for:

- om eleven sine arbeidsvanar er prega av ansvar og orden, og at eleven er ryddig, punktleg og påliteleg.
- om eleven er omsorgsfull, real og høfleg mot andre.

Dokumentasjon i vidaregåande skule

Forskrift nr. 676 frå KUF:

Typar av dokumentasjon

Følgjande dokumentasjon kan skrivast ut til elevar:

- vitnemål
- kompetansebevis

Dokumentasjonen skal skrivast ut av skulen.

Vitnemål

Vitnemål vert gjeve som dokumentasjon for bestått treårig opplæringsløp som gjev studie- eller yrkeskompetanse, i fag som ikkje er lagt inn under lov 23.5.1980 nr. 13 om fagopplæring i arbeidslivet.

Førstegongsvitnemål (også kalla primærvitnemål), gir melding om at det treårige løpet er fullført og bestått, og vert prioritert i søknad til høgskular eller universitet (Samordna opptak). Primærvitnemål vert skrive ut til elevar som fullfører det treårige løpet i studiespesialisering eller elevar på yrkesfaglege studieretningar som gjennomfører påbyggingsåret.

50% av alle studieplassane, på høgskular og universitet, er reserverte for elevar med førstegongsvitnemål. Førstegongsvitnemål vert skrive ut berre ein gong, og syner at eleven har oppnådd bestått karakter til standpunkt og eksamen i alle faga i løpet av dei tre åra. Dersom du tar opp att fag etter at du er ferdig med ordinært treårig løp, kjem desse vurderingane ikkje med på førstegongsvitnemålet. Det vert då skrive ut eit nytt vitnemål, som ikkje er merka førstegongsvitnemål. Dette nye vitnemålet kjem ikkje i kvote for førstegongsvitnemål ved Samordna opptak, men i ordinær kvote.

Ein elev kan risikera å ikkje få førstegongsvitnemål etter ordinært treårig løp, om ikkje alle faga er bestått.

Dersom ein elev får strykkarakter til standpunkt i eit avsluttande fag, eller til uttrekt eksamen på Vg1 eller Vg2, kan eleven likevel få primærvitnemål, dersom eleven består eksamen før det tre årige skuleløpet er avslutta.

Ein elev på Vg3, som stryk til eksamen, kan ikkje få utskrive primærvitnemål. Ein elev som får strykkarakter i standpunkt i eit fag, kan få særskilt eksamen hausten etterpå, og slik eventuelt få førstegongsvitnemål. Dersom ein elev er sjuk på eksamen, kan eleven få utsett eksamen til hausten, mot å leggja fram legeerklæring.

Ein elev som ikkje har bestått alle fag eller eksamen i løpet av dei tre åra, får utskrive kompetansebevis, som syner kva eleven har oppnådd.

Dersom vitnemål, eller eventuelt kompetansebevis går tapt, kan det skrivast ut nytt, dette kostar kr.250,-

Kompetansebevis

Eit kompetansebevis er dokumentasjon på gjennomgått opplæring på skule eller i fagopplæring. Eleven må ha fullført eitt eller fleire kurs, fag eller modul(ar) innan fag for å oppnå kompetansebevis. Det følgjer også eit vedlegg til kompetansebeviset, der det går fram kva eleven har vald i faget Yrkesfagleg Fordjuping.

Fagprøve / sveinebrev

Lærlingar som har fullført opplæring i lærebedrift og består prøven, skal ha stadfesting på gjennomgått opplæring med opplysningar om lengd på læretid og arbeidets art. Stadfestinga vert gjeven av lærebedrifta. Etter Vg1 og Vg2 på skule, søker ein læreplass på Vg3, innafor den fagretninga ein ynskjer. Skulen gir opplæring i søknadsskriving og korleis ein tar kontakt med aktuelle lærebedrifter. Skulen hjelper også til med å skaffe praksisplass i faget yrkesfagleg fordjuping, som er ein god læringsarena og muligkeit til å visa seg fram for ein arbeidsgjevar. Skulen er ikkje pålagt å skaffe elevar læreplass, men hjelper til med formidlinga. Det er også mogleg å ta full opplæring i bedrift anten etter ungdomsskulen eller etter Vg1. Eleven må då sjølv skaffe seg læreplass i ei bedrift. Etter Vg2 på skule har du rett til å bli formidla til læreplass, men ikkje rett på læreplass. Søknadsfrist for dette er 1. mars det året du går på Vg2. Dei som har fullført Vg2, og som ikkje har fått læreplass, vil få tilbod om Vg3 i skule.

Klage på karakterar

Eleven har rett til å klaga på karakterar, dette gjeld eksamenskarakterar og standpunkt-karakterar. Det blir gjeve nærmare melding om dette i samband med eksamen. Det er ikkje klagerett på terminkarakterar.

Eksamensfag

Vg1

20% av elevane på Vg1 **SKAL** trekkjast ut til ein eksamen, skriftleg eller munnleg

skriftleg	ST	engelsk, matte 1T, matte 1P
	YF	matematikk, engelsk
munnleg	ST	engelsk, geografi, samfunnskunnskap, matte 1P, matte 1T
	YF	Matematikk, engelsk
munnleg/praktisk	ST	naturfag, breiddeidrett I
	YF	naturfag

- Eksamensordningane på Vg1 skal sendast på eiga høyring og ferdigstilla seinare.

Vg2

Elevar på ST Vg2 **SKAL** ha ein eksamen, skriftleg eller munnleg

skriftleg eller munnleg	ST	matematikk R1, matte 2P, matte S1
skriftleg og/el. munnleg	ST	internasjonal engelsk, framandspråk (tysk1 FSP5119, tysk II FSP5122, spansk 2 FSP5095)
	YF	engelsk, norsk
munnleg	ST	sosiologi og sosialantropologi
	YF	samfunnsfag
munnleg/praktisk	ST	biologi I, fysikk I, kjemi I
praktisk	YF	tverrfagleg programfag OBLIGATORISK
Skriftlig eller munnlig praktisk	ST	økonomistyring

Vg3

Elevar på ST Vg3 **SKAL** opp til skriftleg eksamen i norsk hovudmål, to andre skriftlege fag samt ein munnleg eksamen.

skriftleg eller munnleg	ST	matte R2, sosialkunnskap, matte S2
skriftleg og/eller munnleg	ST	norsk hovudmål OBLIGATORISK , norsk sidemål (skriftleg) samfunnsfagleg engelsk, tysk I+II(FSP5125)
munnleg	ST	norsk, religion og etikk, historie,
munnleg/praktisk	ST	breiddeidrett II,
Skriftleg eller munnleg/praktisk	ST	fysikk II, biologi II, økonomi og leiing, kjemi II

Til vanleg reknar ein med inntil 30 minuttar for munnleg eksaminering, 45 minuttar for munnleg/praktisk eksamen.

Obligatorisk eksamen for YF Vg2 utgjer 5 timer til saman.

Førebuingstid kan vera inntil 48 timer (sjå læreplanar).

I einskilde munnlege fag kan det også vera aktuelt med 30 minuttar førebuing på eksamensdagen (sjå læreplanar).

Alle **munnlege** eksamen er trekkfag.

Skulerute 2020-2021

Månad	Dag	Dato	Merknad	Elevdagar	Planl. dagar
August	Måndag	10.	Planleggingsdag, lærarar	13	3
	Tirsdag	11.	Planleggingsdag, lærarar		
	Onsdag	12.	Planleggingsdag, lærarar		
	Torsdag	13.	Første skuledag		
September	Måndag	07.	Planleggingsdag, lærar	21	1
Oktober		05.-09.	Haustferie (veke 41)	17	
November	Fredag	06.	Planl.dag, fridag for elevane	20	1
Desember	Fredag	18.	Siste skuledag før juleferien	14	
Januar	Måndag	04.	Første skuledag etter jul	20	
Februar	Fredag	05.	Planleggingsdag, lærar	19	1
Mars		01.-05. 29.-31.	Vinterferie (veke 9) Påskeferie (veke 13)	15	
April		01.-05.	Påskeferie (veke 13)	19	
Mai	Torsdag	13.	Fridag, Kr.himmelfartsdag	17	
	Fredag	14.	Fridag		
	Måndag	17.	Grunnlovsdag		
	Måndag	24.	Fridag 2. pinsedag		
Juni	Måndag	21.	Siste skuledag	15	
Elevdagar				190	
Planleggingsdagar					6